



Reidunn Fosse
Skarsvegen 428
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2274 - 17/27701

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
29.09.2017

Førebels svar - trong for tilleggskumentasjon - gbnr 146/9 Fosse ytre

Tiltak: Arealoverføring frå gbnr. 146/9 til gbnr. 146/46
Eigedom: Gbnr: 146/9
Heimelshavar: Reidunn Fosse
Søkjar: Ingvild Kalnes

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.07.2017. Grunna stor saksmengde har søknaden dykkar blitt liggjande utan at sakshandsamar har gjennomgått den. Vi seier oss leie for dette.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Heimelshavar av gbnr. 146/9 som avgir areal til gbnr. 146/46 har ikkje signert sjølve søknaden. Det ligg heller ikkje før fullmakt frå heimelshavar av gbnr. 146/9 til gbnr. 146/46 som gjev sistnemnde rett til å levere inn søknad til kommunen.

Før vi kan ferdighandsama søknaden må det ligge føre enten søknad signert av heimelsavar av gbnr. 146/9 eller fullmakt som gjev heimelshavar av gbnr. 146/46 rett til å forestå søknad om arealoverføring på vegne av gbnr. 146/9.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.10.17.

Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Vi gjer merksam på at mangel av dekkja gjennom vår mottakskontroll er av ein slik karakter at søknaden ikkje vert å rekne som komplett før etterspurd dokumentasjon ligg føre.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.



Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Ingvild Kalnes

Skarsvegen 420 5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Reidunn Fosse

Skarsvegen 428 5911

ALVERSUND